



MØTEBOK

Organ	Fylkesutvalet
Møtestad	Leikanger - Fylkeshuset, møterom Sygna
Møtedato	06.03.2019
Kl.	10:00 – 14:50

Faste medlemer til stades:

Jenny Følling, Sp
Sigurd Reksnes, Sp
Aleksander Øren Heen, Sp
Trude Brosvik, KrF
Åshild Kjelsnes, Ap
Hilmar Høl, Ap
Helen Hjertaas, Ap
Bjørn Erik Hollevik, H
Gunhild Berge Stang, V

Til stades med møte- og talerett:

Fylkesrådmann Tore Eriksen

Sekretariat for møtet:

Svein Hågård og Marit Silje Husabø

Ingen merknader til innkalling og sakliste.

Fylkesutvalet valde fylkesordføraren og Bjørn Erik Hollevik til å godkjenne møteboka på vegner av organet.

Fylkesutvalet vedtok at skriv 13 a i sak 17/19 skulle handsamast bak lukka dører, jf. kommunelova § 31 nr. 5, jf. offentleglova § 23 første ledd.

Munnlege orienteringar:

1. Fylkesordføraren opplyste at fylkestingseta i desember 2019 vert halde på Quality Hotel Sogndal grunna ombygging av Firdasalen.
2. Sogn og Fjordane Energi AS (SFE): I tilknyting til skriv 13 a – c i sak 17/19 orienterte Advokatfirmaet Lund & Co, v/adv. Ulf Larsen, ut frå ein presentasjon som er journalført i ESA 16/3230-247. Styreleiaren og konsernsjefen i SFE, Per Atle Kjøllesdal og Johannes Rauboti, fekk kome til orde.
 - ✓ Fylkesutvalet fann Hilmar Høl inhabil til å ta del i den etterfølgjande drøftinga i utvalet, jf. forvaltningslova § 6 første ledd, bokstav e), nr. 2.
 - ✓ Fylkesutvalet vurderte habiliteten til Gunhild Berge Stang og fann ho habil til å ta del i drøftinga.

SAK 8/19 Fv. 60 Hilstestranda - Innvik, fråvik frå planlegging etter ny handbok N100 Veg- og gateutforming

VEDTAK:

Det vert gjeve fråvik frå planlegging etter ny handbok N100 Veg- og gateutforming under føresetnad av at avbøtande tiltak vert gjennomført.

SAK 9/19 Arealavståing utviding Sognahallen

VEDTAK:

1. Sogndal kommune får kjøpa naudsynt areal til utbygging av idrettshall og nytt parkeringshus på Campus Sogndal som omtalt i saka.
 2. Inntektene frå salet vert tilført kapitalfondet.
 3. Fylkesrådmannen får fullmakt til å sluttforhandle og signere endeleg avtale.
-

SAK 10/19 Eigarstyring - Trivselshagen IKS

Frå fylkesrådmannen låg det føre slik tilråding til vedtak:

1. Fylkesutvalet viser til vedlagde rapport av 1.desember 2018 frå Vidsyn Rådgivning AS og tek denne til orientering.
2. Fylkesutvalet føreset at systemavvik vert retta opp og tilrådde tiltak i rapporten sett i verk, herunder at selskapet får på plass eit system som fordelar inntekter og utgifter på ein rettvise måte i samsvar med intensjonen.
3. Fylkesutvalet ber fylkesrådmannen greie ut alternative organisasjonsmodellar, primært knytt til å dele eigarskapen og inngå gjensidige leigeavtalar med kvarandre. Fylkesutvalet ber fylkesrådmannen, i budsjettrapporten pr. 1. tertial 2019, kome med framlegg til finansiering av utgreiingsarbeidet - dersom dette viser seg naudsynt.

-----//-----

Fylkesutvalet fann Sigurd Erlend Reksnes inhabil til å delta ved handsaminga av saka, jf. forvaltningslova § 6 første ledd, bokstav e), nr. 2.

Endringsframlegg:

Fylkesutvalet sette fram slikt framlegg som tillegg til punkt 2 i fylkesrådmannen si tilråding: Styret får frist for å gjennomføre tiltaka i rapporten til 15. august 2019.

Avrøysting:

Fylkesrådmannen si tilråding, med tillegg frå fylkesutvalet i punkt 2, vart samrøystes vedteke.

Dette gir følgjande VEDTAK:

1. Fylkesutvalet viser til vedlagde rapport av 1. desember 2018 frå Vidsyn Rådgivning AS og tek denne til orientering.
 2. Fylkesutvalet føreset at systemavvik vert retta opp og tilrådde tiltak i rapporten sett i verk, herunder at selskapet får på plass eit system som fordeler inntekter og utgifter på ein rettvis måte i samsvar med intensjonen. Styret får frist for å gjennomføre tiltaka i rapporten til 15. august 2019.
 3. Fylkesutvalet ber fylkesrådmannen greie ut alternative organisasjonsmodellar, primært knytt til å dele eigarskapen og inngå gjensidige leigeavtalar med kvarandre. Fylkesutvalet ber fylkesrådmannen, i budsjettrapporten pr. 1. tertial 2019, kome med framlegg til finansiering av utgreiingsarbeidet - dersom dette viser seg naudsynt.
-

SAK 11/19 Kollektiv - Rabatt for lærlingar

VEDTAK:

Fylkesutvalet rår fylkestinget til å gjere slike vedtak:

1. Lærlingar vert inkludert i studentrabatten i Sogn og Fjordane i 2019.
 2. Rabatt for lærlingar blir ein del av arbeidet med harmonisering av takstar og rabattar i nye Vestland fylkeskommune.
 3. Finansiering vert å kome attende til i 1. tertial 2019.
-

SAK 12/19 Prioriteringar for kulturminneforvaltninga 2019

VEDTAK:

1. Sogn og Fjordane fylkeskommune tek brevet frå Riksantikvaren av 27.11.18 om prioriteringar for kulturminneforvaltninga i 2019 til vitande.
 2. Fylkeskommunen føreset at staten kompenserer for dei oppgåvane som vert overførte frå Riksantikvaren, og at dette vert synleggjort i Kommuneproposisjonen som kjem i mai 2019. Fylkeskommunen er innstilt på å styrke eiga bemanning på kulturminnefeltet i samsvar med dei signal som kjem i nemnde proposisjon. Jf. vedtak i FU-sak 74/18.
-

SAK 13/19 Førde - Kommuneplan 2018 - 2030

VEDTAK:

1. Fylkesutvalet går til motsegn mot delar av B17 i den føreslegne arealdelen fordi arealføremålet kjem i direkte konflikt med automatisk freda kulturminne og ivaretaking av det heilskaplege kulturmiljøet på Vie.
 2. Som forhandlingsleiar frå fylkeskommunen vert vald: Fylkesordføraren
-

SAK 14/19 Utkast til høyringsdokument knytt til Regional plan for vassforvaltning

VEDTAK:

Følgjande dokument vert sendt ut på høyring i perioden 1. april – 30. juni 2019:

1. Handlingsprogram 2019-2021 til Regional plan for vassforvaltning for Sogn og Fjordane vassregion 2016-2021
 2. Planprogram for vassregionane Sogn og Fjordane og Hordaland for ny vassforvaltningsplan for Vestland vassregion 2022 - 2027
 3. Hovudutfordringar i Sogn og Fjordane vassregion – planperiode 2022 -2027
-

SAK 15/19 Årsrapport 2018 - konsesjonskraft og finansportefølje

VEDTAK:

Fylkesutvalet rår fylkestinget til å gjere slikt vedtak:

Fylkestinget tek årsrapporteringa for 2018 på konsesjonskrafa og finansporteføljen til orientering.

SAK 16/19 Innspel til nytt inntektssystem for fylkeskommunane frå 2020

Frå fylkesrådmannen låg det føre slik tilråding til vedtak:

1. Sogn og Fjordane fylkeskommune sender høyringsuttale til nytt inntektssystem i samsvar med fylkesrådmannen sin saksframstilling.

Endringsframlegg:

Fylkesutvalet sette fram slikt framlegg:

Fylkesrådmannen får fullmakt til å utarbeide eit nytt pkt. 9 om skulestruktur og hybelbuarar i vidaregåande skule.

Avrøyting:

Tilrådinga frå fylkesrådmannen, med tillegget frå fylkesutvalet, vart samrøystes vedteke.

Dette gir følgjande VEDTAK:

1. Sogn og Fjordane fylkeskommune sender høyringsuttale til nytt inntektssystem i samsvar med fylkesrådmannen sin saksframstilling, med følgande tillegg:
Fylkesrådmannen får fullmakt til å utarbeide eit nytt pkt. 9 om skulestruktur og hybelbuarar i vidaregåande skule.
-

SAK 17/19 Skriv og meldingar fylkesutvalet 6. mars 2019

Følgjande skriv og meldingar vart handsama:

- 1a: Oppfølging av Regional plan for klimaomstilling - handlingsprogram 2018-2019
- 1b: Vedlegg
- 2: Nynorskens hus - Kva kan fylkeskommunen bidra med i høve anbodsprosessen
- 3: Intensjonsavtale mellom Firda Media AS, Nynorsk avissenter, Sogn og Fjordane teater, Rein design, NRK og NRK Nynorsk mediesenter og prosjektet Nynorskhuset
- 4a: Gjennomgang av regional stats inndeling - oppfølging av regionreformen
- 4b: En analyse av inndeling av regional stat – hovedrapport
- 4c: Brev frå KS datert 27.02.19: Uttalelse frå KS til DIFIs gjennomgang av regional stats inndeling

Vedtak:

Fylkesordførar får fullmakt til å utarbeide ei fråsegn frå fylkeskommunen på bakgrunn av drøftingane i fylkesutvalet.

- 5: Styresamansettning ved Høgskulen på Vestlandet
- 6: Brev frå Samferdsledepartementet datert 22.01.19: Stad skipstunnel
- 7: Brev frå KS datert 07.02.19 Overføringen av fylkesveiadministrasjonen frå Statens vegvesen til fylkeskommune.
- 8: Brev frå KMD datert 19.02.19: Tildeling av skjønnstilskot etter flaum i 2018 til Sogn og Fjordane fylkeskommune.
- 9a: E-post frå Kinn Venstre: overføring av myndigheitsforvaltning for fiskerihamner til fylkeskommunane
- 9b: Kinn Venstre: overføring av myndigheitsforvaltning for fiskerihamner til fylkeskommunane
- 10: Uttale frå Gulen KrF sitt årsmøte 12.02.19: Tidleg buss til Bergen

Vedtak:

Fylkesutvalet ber hovudutvalet for samferdsle vurdere saka.

- 11: Raudt Sogn og Fjordane 12.02.19: Gå mot utviding av Vestland!
- 12: Rekneskap for 2018 - Sogn og Fjordane fylkeskommune
- 13a: Notat frå Lund og co: Løypemelding 2/2019
Ikkje offentleg, Offl. § 23 fjerde ledd
- 13b: Sogn og Fjordane fylkeskommune sin eigarskap i Sogn og Fjordane Energi AS – orientering om fylkestinget sitt vedtak i sak 46/18
- 13c: Fylkeskommunen sin eigarskap i Sogn og Fjordane Energi AS – informasjonsmøte
- 14: Gulatinget Nasjonale Kultursenter, søknad om statleg tilskot
- 15a og b: Musea i Sogn og Fjordane - fellesmagasin og museumsbygg
- 16a til e: Møtet i Vestlandsrådet 15.02.2019

- 17: Brev frå KS datert 01.03.19: Komiteens behandling av kulturmeldingen
- 18: Stortingshøyring kulturmeldinga
- 19: Alarmsentralen Sogn og Fjordane – søknad
- 20: Uttale om omorganisering av Statens vegvesen

Vedtak:

Fylkesutvalet sender følgjande fråsegn til Statens vegvesen og Samferdsledepartementet, med kopi til Kommunal- og moderniseringsdepartementet:

Bygg sterke regionar med desentraliserte tenester og fagmiljø!

Innan 15. mai legg Vegdirektoratet fram forslag til framtidig organisering og lokalisering av fagmiljø og kontor i Statens vegvesen. Fylkesutvalet i Sogn og Fjordane forventar at organiseringa bygger på dagens fagmiljø, sikrar oppgåver og funksjonar minst som i dag, og gjev gode, tilgjengelege tenester for innbyggjarar og næringsliv.

Omorganiseringa i Statens vegvesen kjem som følgje av oppgåveoverføring, effektivisering og digitalisering, der Vegdirektoratet føresler å gå frå geografiske regionale einingar til nasjonale divisjonar. I tillegg er det forslag om å redusere tal trafikkstasjonar. I Sogn og Fjordane kan dette føre til endra oppgåver og funksjonar ved regionvegkontoret på Leikanger, og for tenestestadene Sogndal, Nordfjordeid og Førde.

Fylkesutvalet er uroa for at prosessane vil føre til nedbygging av viktige fagmiljø og tenestetilbod, og at oppgåver, funksjonar og arbeidsplassar gradvis kan forsvinne ut av regionen. Den framtidige organiseringa av Statens vegvesen må spegle at regjeringa meiner alvor med statleg lokaliseringsspolitikk. Den må følgje opp måla i kommune- og regionreforma, med nye oppgåver til sterke kommunar og regionar. Regionvegkontoret i Leikanger og tenestestadene Sogndal, Nordfjordeid og Førde, er alle lokaliserte i nye, større kommunar. Nordfjord er i tillegg ein bu- og arbeidsmarknadsregion med høvesmessig få og små statleg forvaltningsmiljø slik at Statens Vegvesen sitt fagmiljø er av særskilt betydning

Frå 01.01.20 dannar Sogn og Fjordane og Hordaland Vestland fylke. Vestland har i si organisering vedteke at fagområdet Veg og infrastruktur skal leiaast frå Leikanger. Ein viktig grunn var samordning med det sterke fagmiljøet ved Statens vegvesens regionvegkontor. Fylkesutvalet minner om at statleg lokalisering skal bidra til styrka samordning mellom stat og nye regionar, og at «de regionale vurderingene av lokalisering av arbeidsplasser i de nye regionene vil tas med i statens beslutningsprosesser for lokalisering av statlige arbeidsplasser»ⁱ. Fylkesutvalet meiner at dette også må gjelde for omorganiseringa av Statens vegvesen.

Tilgjengelege offentlege tenester og attraktive arbeidsmarknader er føresetnader for vekstkraftig næringsliv og gode lokalsamfunn over heile landet. Nasjonale oppgåver og funksjonar kan godt lokalisera og styrast utanfor dei største byane, dokumentert til dømes med Difi, NAV økonomitenester, fylkesmennenes fellesadministrasjon på Leikanger, og Lotteri- og stiftingstilsynet i Førde. Region Vest er den tyngste veg-regionen i landet, med dei største utbyggingsprosjekta og spisskompetanse på fjernleiing, strategisk prosjektstyring, rassikring, bruer og tunnellar. Region Vest blir leia frå Leikanger, med fagmiljø i alle deler av regionen. Fylkesutvalet meiner at det ligg godt til rette for å bygge vidare på desse fagmiljøa, i ein framtidig divisjonsmodell, og med ei divisjonsleiring lokalisert til Leikanger og Sogn og Fjordane.

ⁱ Plan for lokalisering av statlige arbeidsplasser. Vedlegg til Meld. St. 18 (2016-2017) Berekraftige byar og sterke distrikt

